

Johann Roppen

Fra: Johann Roppen
Sendt: fredag 18. oktober 2019 12:20
Til: ALLE-Campus
Emne: NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 36/2019, 18. OKTOBER

NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 36/2019, 18. OKTOBER

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.
Redaktør: Rektor Johann Roppen,jr@hivolda.no. Send gjerne tips og kommentarar.
Arkiv med tidlegare nyhendebrev:
<https://www.hivolda.no/om-hogskulen-volda/nyhendebrev>

STYRESEMINAR OG STYREMØTE I FOSNAVÅG 24. og 25. OKTOBER

Høgskulens årlege styreseminar vert i 2019 halde på Thon hotell Fosnavåg. På styreseminaret vil Aksel Tjora innleie til diskusjon om høgskulens samfunnsbidrag og på sjølvstyremøtet vil Forskings- og høgare utdanningsminister Iselin Nybø kome med ei helsing til det nye høgskulestyret. På styreseminaret deltek høgskulestyret, fleire vararepresentantar ønskjer også å delta, rektoratet, direktør, dekanar, fleire sentrale leiarar på fellesnivået, kontorsjefar og mange tillitsvalde. Hovudtema på styreseminaret blir dei fire punkta i utviklingsavtalen: Lærarutdanning, mediefag, framtidsferdigheiter og kompetansebygging.

NYE STYREMEDLEMMER FRÅ STUDENTANE

Resultatet av studentanes val av studentrepresentantar vart slik: Faste representantar: Simen Langeland og Guro Laurendz Kvist. Personlege vara: Allan Levi Melby og Stine-Mari Sjøholt. <https://www.hivolda.no/nyhende/nye-studentrepresentantar-er-klare>

STYRESAKER, MØTE 25. OKTOBER

Blant styresakene er studiekvalitet, budsjettet for 2020, framlegg til nye satsingar i budsjettet for 2021, etatstyringsbrevet for 2019, status for 2019 og planar for 2020, mandat for forskingsutvalet, ei sak om symfoniorkesteret og tre saker som gjeld arbeidsmiljø og dekanstillinga på Avdeling for mediefag. Styresakene er tilgjengelege på dene nettsida: <http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Boards/Details/295988>

SAMARBEID OM KOMPETANSEUTVIKLING I SKULEN (DEKOMP)

Kommunar har fått auka ansvar for kompetanseutvikling i skulen gjennom ordninga Dekomp men skal framleis gjere det i samarbeid institusjonar i høgare utdanning. Kari Buset er Høgskulen i Voldas faglege koordinator for Dekomp. <https://www.hivolda.no/laerarutdanninga/ma-utnytte-det-lokale-handlingsrommet>

LANSERTE BOK OM DEN SPANSKE BORGARKRIGEN: "EKKO FRA SPANIA"

Professor Rolf Werenskjöld har saman med dei to andre professorane Hans Fredrik Dahl og Bernt Hagtvatn skrivt boka "Ekko fra Spania. Den spanske borgerkrigen i norsk offentlighet". Boka vart lansert på Litteraturhuset i Oslo, torsdag 17. oktober 2019. <https://www.hivolda.no/forsking-og-utvikling/ekko-fra-spania>

TIDLEGARE VOLDASTUDENT HAR SKRIVT BOK: "Resilience – Reflections of determination and God`s providence"

Caroline Chemnangoi frå Kenya kom til Noreg og Volda for å studere norsk på NIS (Norsk for internasjonale studentar) og ho tok også sosionom-utdanning. Ho har seinare teke mastergrad ved NTNU. Ho har skrivt bok om å vekse opp som kvinne i Kenya - og å flytte til Noreg: Resilience – Reflections of determination and God`s providence, og no er boka å finne ved biblioteket på høgskulen. <https://www.hivolda.no/nyhende/fra-kenya-til-volda-med-ei-viktig-historie>

PROFESSOR HOMLONG HAR FÅTT UTMERKING SOM "VISITING PROFESSOR"

Professor Nathalie Homlong ved ASH har fått utmerking som gjesteprofessor ("visiting professor") ved Fachhochschule des BFI Wien. Homlong arbeider på Institutt for planlegging, administrasjon og skuleretta samfunnsfag

(IPAS). Les meir på Fachhochschule des BFI Wien sine nettsider: <https://www.fh-vie.ac.at/de/news/fh-des-bfi-wien-w%C3%BCrdigt-nathalie-homlong-als-visiting-professor>

UTDANNINGSDAGANE: 1.300 VIDAREGÅANDE ELEVAR KJEM TIL HVO

Dei årlege utdanningsdagane går i år 30. og 31. oktober, og det er heile 1.300 elevar frå vidaregåande skular i Nordfjord og på Sunnmøre som kjem til høgskulen i Volda for å få informasjon om studietilboda i Møre og Romsdal. <https://www.hivolda.no/nyhende/rekordstor-pamelding-til-utdanningsdagane>

ØYRALANGS 19. OKTOBER - HØGSKULEN BIDREG OG STØTTAR

Komande laurdag 19. oktober er det Øyralangs - ei lys og kulturvandring og -hending ved Øyraelva. Høgskulestudentar vil også i år delta på arrangementet og høgskulen har gjeve kr 10.000 i støtte til arrangementet. <https://www.facebook.com/oyralangs/>

6 LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

Det er pr i dag ledig inntil 6 stillingar ved Høgskulen i Volda: Kommunikasjonsmedarbeidar, konsulent/rådgivar på internasjonalt kontor, høgskulelektor i matematikdidaktikk og inntil tre stipendiatar på vår fellesgrad i lag med Høgskolen i Molde: Profesjonsutøving: Vilkår og utvikling. <https://www.hivolda.no/stilling>

"SEI I FRÅ" FOR STUDENTAR - VARSLING FOR TILSETTE

Om du som student eller tilsett har opplevd noko uønska så kan du seie frå gjennom mange kanalar. Her er meir informasjon på våre nettsider:

<https://www.hivolda.no/students%C3%B8rvis/sei-fra>

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2019

Oversyn over møte og sakspapir til dei mest sentrale råd og utval ved HVO: <http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA>

Sjå også datoar for festivalar på Festivalforum for Søre Sunnmøre: <http://festivalforum.no/informasjon/arshjulet/>

22.10.-12.11.2019: Studiebarometeret - periode der studentane kan sende inn svar.

23.10.2019: Avdelingsseminar ASH

24.-25.10.2019: Styreseminar og styremøte.

<http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Boards/Details/295988>

30-31.10: Utdanningsdagane. <https://www.hivolda.no/utdanningsdagane-2019>

31.10.-1.11.2019: Barnehagekonferansen, Ålesund.

19.-20.11.2019: Nynorskkonferansen, Hamar. Arr.: Nynorsksenteret. <https://nynorsksenteret.no/blogg/nasjonal-nynorskkonferanse-pa-hamar-i-november>

26-27.11.2019: Avdelingsseminar AHL

5.12.2019: Styremøte 7/2019

13.12.2019: Julebord 2019

HVO I MEDIA

Les nyhendeoppslag om HVO og HVO-tilsette i nyhendemedia og sosiale media:

https://www.tintup.com/t/customer_2082469_hogskolenivolda

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

<https://blogg.hivolda.no/jr/>

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

Facebook: <https://www.facebook.com/hivolda/>

Instagram: <https://www.instagram.com/hivolda/>

Youtube: <https://www.youtube.com/user/hivolda/>

HVO-blogger: <https://blogg.hivolda.no/>

Nynorsksenterets blogg: <https://www.nynorsksenteret.no/blogg>

Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget: <http://evishine.dk/VoldaUniversityCollege?42229>

Nytt om bygging av nytt mediehus: <https://www.hivolda.no/mediebygg>

Nytt om bygginga av Volda Campus Arena (Volda kommune): <https://www.volda.kommune.no/aktuelt/volda-campus-arena-vi-realiserer-idrettshall.72934.aspx>